



Utv. saksnr.	Utval	Møtedato
24/2025	Formannskapet	10.06.2025

## Forskrift om unntak frå tidsfristar i saker som krev oppmålingsforretning i Vågå kommune

Vedlegg

1 Vinterforskrift

### Saksframlegg:

I følge matrikkelforskrifta §18, Fristar i saker som krev oppmålingsforretning, skal kommunen gjennomføre oppmålingsforretning og fullføre matrikkelføringen innan 16 veker.

Fristen blir rekna frå den dagen løyve eller vedtak føreligg.  
Blir ikkje fristen overheldt, fører det til avkorting av gebyret.

For kommunar med lang vinter er det anledning til å vedta forskrift med unntak frå denne tidsfristen i vinterhalvåret.

### Vurdering:

Vågå kommune har generelt for lang vintersesong, med til dels store snømengder, til at denne tidsfristen kan praktiserast. I Vågå kommune er det også mange vinterstengte veger, som gjer at oppmålingsforretning ikkje kan gjennomførast før desse vegane er opna for trafikk etter vinteren.

”Vinterforskrift” med unntak frå tidsfrist for gjennomføring av oppmålingsforretning i vinterhalvåret må derfor vedtas i Vågå kommune.

### Kommunedirektøren si innstilling:

Forskrift om unntak frå tidsfristar i saker som krev oppmålingsforretning i Vågå kommune blir lagt ut på høyring i 6 veker.

### Formannskapet si behandling av sak 24/2025 i møte den 10.06.2025:

#### Behandling

Samrøystes

**Vedtak**

Forskrift om unntak frå tidsfristar i saker som krev oppmålingsforretning i Vågå kommune blir lagt ut på

høyring i 6 veker.